



Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Y Kvinnherad kommune	
15 MAI 2012	
Saksnr.: 12/830	U.off.:
Saksbeh.: KJT	Kopi:

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201203566-2/713.T04/LBIR

Dykkar ref.:  
2012/830-3

Bergen, 09. mai 2012

### Søknad om løyve til kraftutbygging med inntak, tilkomstveg/tunnel og kraftstasjon - dispensasjon frå kommunedelplan - gnr 61, bnr 1 - Kroka - Kvinnherad kommune - Fråsegn om kulturminne

Vi viser til brev av 25.04.2012 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. Då mesteparten av det omsøkte tiltaket, både røyrgate og endestasjon, skal gå i fjell, vert det lite inngrep i landskapet. Det vert såleis berre inntaksdammen som vert liggjande synberr og det er svært lite potensial for funn her. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk i området som t.d. støls-/turvegen som går forbi knappe 100 meter mot aust.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Med helsing

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Lars Øyvind Birkenes  
arkeolog